



# Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar  
Bente Høyland

Tlf. direkte innval  
53483258

Vår ref.  
2014/288-3

Dykkar ref.  
«REFDATO»

Dato  
19.02.2014

## Særutskrift - Konesjon - 185/1 m.fl. - Valen - Kjetil Emmerhoff

Kvinnherad forvaltningskomité hadde saka føre i møte 12.2.2014 som sak 2014/24.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi til reglane i forvaltningslova samt eventuelt bestemmelsar i særlov om klage.

Klagefristen er 3 veker frå du har motteke denne meldinga om vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Terje Natland

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen

Kjetil Emmerhoff Klostervegen 252 5455 HALSNØY KLOSTER

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**                      **Saksbehandlar**  
2014/288-2                      Terje Natland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/24	Forvaltningskomiteen	12.02.2014

## Behandling - Konesjon Valen og Handeland gard, gnr bnr 185/1,2 ml

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite viser til saksutgreiinga og gir Kjetil Emmerhoff konsesjon på gnr bnr 183/1,9 og 185/1,2,9,82,106 som omsøkt. Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova.

### Behandling i Forvaltningskomiteen den 12.02.2014

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 12.02.2014

***Kvinnherad forvaltningskomite viser til saksutgreiinga og gir Kjetil Emmerhoff konsesjon på gnr bnr 183/1,9 og 185/1,2,9,82,106 som omsøkt.***

***Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova.***

**Selgar:** Hordaland Fylkeskommune

**Kjøpar:** Kjetil Emmerhoff, 5455 Halsnøy Kloster

### Saksutgreiing:

Det blir søkt om konsesjon for å overta gnr bnr 183/1,9 og 185/1,2,9,82,106 som tilsaman utgjer Valen og Handeland gard. Eigedomane har tilsaman eit areal på 19.213 dekar, der 367 dekar er dyrka mark, 171 dekar er beite, 5600 dekar produktiv skog og 13075 dekar er anna areal. Valen og Handeland gard er ein av dei største om ikkje det største gardsbruket i Hordaland. Dyrka mark og skog er holde godt i hevd.

Det er store utmarksareal til eigedomen, og dei siste åra har det vore gitt 25 fellingsløyver på hjort. Det er utarbeidd bestandsplan med avskytingsavtale for eigedomen.

Det er ikkje bustadhus på eigedomen, og det blir derfor ikkje foreslege buplikt på kjøpar.

Emmerhoff skriv at han i første omgang vil bu på Halsnøy som i dag, og vurdere bygging av nytt hus på bruket etter kvart.

Desse bygningane er på bruket:

### Side 3

- Driftsbygningen, 1052 m2, frå 1952, og av middels teknisk tilstand.
- Kvilebrakke, 35 m2, frå 1980 middels teknisk tilstand.
- Vedhus, 97 m2, frå 1953, middels teknisk tilstand.
- Hytte ved Dalstøl, dårleg stand.

Kjetil Emmerhoff er vaksen opp på gard, han har drive mjølkeproduksjon på Halsnøy kloster i sju år og drive som entreprenør med grasproduksjon.

I konsesjonssøknaden skriv Emmerhoff at han skal drive tradisjonelt landbruk med mjølkeproduksjon, husdyr, gras og skog.

Avtalt pris på eigedomen er kr 9.100.000.- Tveit landbruk har utarbeidd ein takst der marknadsverdien er sett til kr 8.000.000.- men der verdiane på bruket er rekna til kr 9.105.000.- Rådmannen har ingen merknader til avtalt pris.

Vedlegg: gardskart og søknad om konsesjon